




1 FLØYTNINGSVASSDRAGET FRÅ ØVERLANDSHEIA TIL LUNDE

Fløytningvassdraget startar inne i Aall's skogar på Øverlandsheia i Seljord kommune. Elva renn så ca. 5 km i Seljord, før den kryssar grensa til Bø ca. 1 km nordvest for Bakkjer. Herifrå renn den så i østleg retning til den kjem ned i Eikjabygda. Ned for Nistugu Eika gjer elva ein nesten 90 graders vinkel mot sør. Dette er da stort sett retninga, til den renn ut i Østeråa i Lunde.



TØMMERSTOKKENS VANDRING

Den gongen fløytinga var einaste måte å få tømmerstokkar ut av skogen på, var arbeidsgangen stort sett slik: Treet blei øyde felt med øks. Seinare kom soga i bruk og litt ut i 1950-åra gjorde motorsaga sitt inntog i skogane her i distriktet. Etter at treet vart felt og låg på bakken blei det kvista og barka for hand med øks og barkspade. Dette arbeidet foregikk på ettersommaren og utover hausten. Seinare på hausten kom hesten og kjørekaran til skogen og "la opp" tømmeret i tømmerlegger rundt omkring i skogen der det var kjørevegar. På vinteren blei tømmeret så kjørt fram til elvekanen med hest og slea og lagt opp på veteplassene i nye leggur (haugar av tømmer).

Når snosmeltinga hadde starta om våren starta tømmermerkinga langs elvekanane. Tømmeret blei da volummålt og kvalitetsbestemt. Stokkane fekk så innhøge 2-3 merke i rotenden, på midten og i toppen. Dette for at ein kunne sortere tømmeret til dei forskjellige kjøparane. Etterpå vart desse klubbane så slepa ut kanalen og vidare til sagbruka eller fabrikkane. Det meste av tømmeret vart vidare foretla på Ulefoss eller Skien. Når fløytinga slutta i 1962, hadde det vore fløytta tømmer i Eikja-elva i 98 år. Største årlege fløytta kvantum var på over 10.000 m³. Dette tilsvarar ca. 250 lass på dagens tømmerbilar. Da fløytinga slutta i 1962 var kvantumet nede i 2.000 m³.

Fløytingarlaget her i Eikjabygda hadde da arbeidet med å få tømmeret ned til grensa mellom Bø og Lunde. Der overtok tømmerfløytingarane i Nordbygda, og desse fekk så tømmerstokkane vidare ned til lensa. Lensa låg nedanfor Østerholt på Svensid. Her i lensa vart tømmeret sortert i "klubbar" til den forskjellige kjøpar. Etterpå vart desse klubbane så slepa ut kanalen og vidare til sagbruka eller fabrikkane. Det meste av tømmeret vart vidare foretla på Ulefoss eller Skien. Når fløytinga slutta i 1962, hadde det vore fløytta tømmer i Eikja-elva i 98 år. Største årlege fløytta kvantum var på over 10.000 m³. Dette tilsvarar ca. 250 lass på dagens tømmerbilar. Da fløytinga slutta i 1962 var kvantumet nede i 2.000 m³.



BUSKEROVDAMMEN

Buskerovdammen, i Aalls skogar på Øverlandsheia i Seljord. Bildet viser tydeleg at dette er ein nåledam. Når ei nål, - eller ein plank vert lofta opp og sporet sitt, kunne mange andre lønsne samtidig. Slike dammar var raske å opne. Ser du godt etter lengst opp på vatnet, ligg tømmeret/eller "soppa" klar til å sleppast nedover i elva. Fotograf: Samuel Aakvik d.e.



HOLMSTULDAMMEN

Holmstuldammen er stengt. Fløytinga i 1951 er samla på "sleppbrua". Dette er ein lukedam, på same måte som Uvdal- og Svenseid-dammen. Når slike dammar blei opna eller "slept" blei lukene løfta opp med hjelp av lange lonnar og vågmatar. Seks mann måtte vera med på dette arbeide. Framme frå v.: Torkjell Bergvad, Halvor O. Hegna (Hallagurt), Samuel Aakvik d.y. (Mulle), Halvor Øygarden (Lallin) og Olav Hovland. Bak frå v.: Olav Aakvik, Olav T. Hegna, Halvor T. Slåtta, Olav T. Moen, Kittil Øygarden og Gunnar O. Hegna. Fotograf: Samuel Aakvik d.e.



BAKKJERKROMLA

Tømmerhaug i Bakkjerkromla 1958. Fotograf: Samuel Aakvik d.e.



BAKKJERTANGEN

Buskerovdammen eller Buska gjeng for fullt. Elevekarane Olav T. Hegna og Gunnar O. Hegna held vakt på Bakkjertangane 1951. Dei ser på at elva gjeng "flotfull av bruk". Fløytingarbeidet var akkordbetalt, så gjekk fløytinga godt blei timebetalinga god. Fotograf: Samuel Aakvik d.e.



UVDALSTJØNNA

Tømmerospe i Uvdalstjønnna 1953, bildet er teke frå brua nede i enden av tjønna og oppover. Sauøya til høgre i bildet. Fotograf: Samuel Aakvik d.e.



UVDALSDAMMEN

Uvdalsdammen med "overvatn" (her du nå stend), like før slepping i 1953. Når alle luker var opna, måtte vatnet renne ca. ein time for tømmeret vart slept. Dette for at elva nedanfor måtte fyllast med vatn for tømmeret kom. Fotograf: Samuel Aakvik d.e.



ØYGARDSFOSSEN

"Men au da, - her er full stopp". Haug i Øygardsfossen 1953. Slike haugar måtte "torrbrystast". Elvekarane måtte prøve å finne den stokken eller "bande" som hadde sett seg på verke. Den eller dei vart så kappar, av og til måtte dei skyre med dynamit for å få løyst opp i haugen. Og så måtte dei til med ny dam for å få tømmeret vidare. Frå venstre: Ukjent, Torstein (Tott) Aasland, Sveinung Slåttedal, Andreas Dale og Arne Strømme. Fotograf: Samuel Aakvik d.e.



ÅSETJØNNA

Tømmerfløytingarane i Eikjabygda er snart ferdig med jobben i år, 1951. Åsetjønnna blir renska. Tekstene (sammenlenka tømmerstokkar) på kvar side av elvepølet er festa saman og tømmeret blir drege ned mot utløpet av tjønna. Om ein times tid kan elvekarane ta ein velfortent "pust i bakken" med ei flaske eller to. For svært mange i grenda vår var det ein trist dag da siste dammen gjekk i 1962. Fotograf: Samuel Aakvik d.e.

STADNAMN EIKJABYGDA

Den gamle skulestova i „Opdalsheiens Skolekreds”



Gamla tomanns skulepult. Foto: Bø Museum




TVEITEN SKULE

I 1860 vedtok Stortinget ny lov om landsfolkeskulen. Nå vart det slutt på omgangsskulen, frå no av skulle det vera "fastskule". For **Oppdal krins** (Uvdal-Tveiten) blei skulestova bygd på Nedre Tveiten grunn, like ved vegen. Dette var tidleg på 1860-talet, og det er den einaste av dei gamle skulestovene som ennå stend på same staden, men ho er noko ombygd.

Denne skulestova var lik alle dei andre skulestovene som vart bygd på same tid. Det var eit lite hus med bare eit klasserom, som hadde 4 vindauge med fire ruter i kvar. Inngangsdøra var midt på eine langveggen. Langs heile baksida av huset og under same taket var eit tilbygg av bord med vedskjøl i eine enden og do i andre. Huset var eit tomre, panela utvendig og truleg kvitmåla. Ved døra inne i klasserommet stod ein etasjeomn. Det var tomanns pultar til å sitja på. Elevane i denne skulekrisen kom frå Uvdal, dei to Tveitengardane og husmannsplassane som høyrde til desse gardane. Ungane frå Jønneberg og plassane rundt der gjekk og til Tveiten skule, likeins kom ungar frå Bakkjer, Løyningen og Busil.

I 1863 var det 12 elevar ved skulen og 23 elevar nokre år seinare, elevtalet variera vel litt frå år til år. I 1927 vart skulen lagt ned og ungane overførte til Eikjabygda skule. Skuleåret 1945-46 vart det halde skule her att eit år. Grunnen til dette var at det var så mange skuleungar på "Heia" akkurat da.



4 EVERKET PÅ UVDAL

Halvor Oppdal bygde litt for 1920 eige elektrisitetsverk som var i drift til kring 1950-åra, da Eikjabygda fekk kommunal kraft. Vasskrafta som dreiv everket på Uvdal, tok dei frå Kvennebekken som kjem frå Fagerlittjønnna. Christian Ramberg bygde nytt everk i 1993, med vatn frå same vasskjelda.

5 UVDALS-SAGA

Denne sagbruket nede ved elva her var truleg bygd på 1930-talet. Tidlegare stod truleg saga i Kvennebekken som kjem frå Fagerlittjønnna, og vart derfor drive ved vasskraft. Den "nye" saga nede ved elva vart ikkje drive med vasskraft, men det vart fyra opp ein kjele som dreiv dampmaskina. Tømmeret som blei skore her, vart transportert med hest og slede frå skogen rundt fram til saga. Etter kvart kom det truleg litt meir moderne maskiner i bruk. Her vart det skore både plank og bord. Dette vart kjørt ut til kundane, på ein lastebil som tilhøyrdte Hakon Haugerud på Uvdal. Det var nok og skore materialar til eige bruk her. På det meste var det truleg 6-8 mann i arbeid her. Saga var nok i drift til slutten av 1950-talet.



3 TEGLVERKET PÅ UVDAL

Nede ved elva litt ovanfor Solbergbrua, på Solbergside, låg eit teglverk. Dette var truleg i drift frå midten av 1800-talet og til ut på 1900-talet. Heilt sikre årstal på start og stopp av denne drifta veit me ikkje. Drifta foregikk nok bare i sommarhalvåret. Kor stor produksjon det var her, veit me ikkje sikkert. I 1903 vart det sett opp ny stor uthusbygning på Uvdal. Her vart det bruka mykje både teglstein og takstein, låven her er 70 m lang. Steinen som vart brent her, var nok ein del til eige bruk, men det var nok også ei ekstra inntektskjelde for garden. På gardar lengre nede i bygda vart det sett opp større bygningar på desse tidene. Desse hadde også behov for mykje "stein", og denne vart også truleg produsert her. Teglverksproduksjonen var nok truleg størst her på denne tida. Leira ein antek vart bruka til brenning av steinen, vart truleg teke ut bare hundre til to hundre meter lengre opp ved elva. I svingen ved Tveitenbrua var det truleg og eit leireuttak, elles er det rikt med leire og sand langs-med elva, heilt til utover mot Øvrejønn.

6 TORVILLS-LØYPA


Dette er ein gamal historie som kanskje kan forklare kvifor det er blitt heitande Torvills-løypa her. På midten av 1700-talet levde det ein bruksmann på Uvdal som heitte Falentin Knutson. Eldste sonen til Falentin heitte Torvill. Han var fødd i 1737. Denne Torvill' n var ein sprekk kar og ein vågals, etter det som blir fortalt. Hadde han levd nå hadde han truleg blitt hard med dei i Holmenkollen og i urforrenn og slalåm. På solsida av Uvdalstjønnna, i Solbergfjellet sonnafor Sommarliagrav, er der ei hengjebrett "løype", eit skot. Ned den hengjande bratte løypa i fjellet seies det at ein dag då det var fint skareføre, rann Torvill ned her på eit sledemeienne av brisk. Farten var så stor at det bars vevs over Uvdalstjønnna og mot Brenneksådøden på sorsida av tjønna. Det er nok ikkje nokon i dag som gjer dette "karstykket" etter han! Torvill var som før nemnd fødd i 1737, så det er truleg i 1750 eller 1760-åra han har runne denne "løypa" som ber namnet Torvills-løypa etter han den dag i dag. Det er som regel i ungdomsåra dei gjer slike "varp". Dette hendte truleg ein 60-70 år før Sondre Norheim - Morgedolanes "grand old man" blei fødd. Og kanskje 100 år før Sondre stod ned Kastedalsskåret. Torvill blei gift i bygda og har mange ætlingar etter seg.



SJÅ ANDRE SIDA FOR MEIR INFORMASJON

www.eikjabygda.no


Mange takk færr pengeavgave



7 JUVRESTOLEN

Juvrestolen er ein heilt spesiell fjellformasjon. Frå bygda ser han ut som ein bruggestol (stol med ryggstol) plassert høgt opp i fjellet, 490 moh. Dette er nok truleg bakgrunnen til namnet, sjølv om segna hevdar at ei juvr (er dialektort for gyrr) trollkjerring - ein gong i "tidens morgon" skal ha bruka klippene som stol. Sør for Uvdalstjønnna strekker ein fjellrygg seg nordvestover mot eit imponerende stup. Fjellryggen er "kutta opp i skiver" av overgjeingde sprekkar. Mot stupet blir sprekkane breiare. Dei yttarste "skivene" er rasa ut og dannar ei mektig urd. Men utfor stupet står nokre av skivene framleis oppreist; to veldige, nærmare 100 meter høge steinblokker. Dei nærast rektangulære og loddrette klippeformasjonane er ikkje bare ei mektig naturoppleving, men også ei utfordring for fjellklatrarar. Desse to steinane vert av somme kalla "Gubben" og "Gamla". Geologane antek at fjellblokkane har vore støtta opp av isen under istida. Når så isen forsvann, rasa delar av fjellet ut. Det er vel dette som har blitt til Juvrestolen og urda. Urda under er svært vanskeleg framkommeleg, noko som har ført til at vegetasjonen har fått preg av urskog. Ei gamal segn fortel at då dei tidleg på 1100-talet skulle setja opp kyrkje på Bø-haugen, vart det henta stein frå urda under Juvrestolen til bygging. Likeins fortel segna at juvra i Juvrestolen ikkje såg med blide augo på at folket i bygdene omkring let seg kristne. Ho blei så sint at ho sette seg ned på Juvrestolen og kasta steinar etter kyrkjene i nærleiken, både Bø, Gåra og Nes. Ho treffe heldigvis ikkje nokon av kyrkjene, for alle steinane fall ned eit stykke frå dei. Det er eit lite vers om dette som lyder slik: Å juvra kasta steinar, må tru ho va kjø bli. Dei to datt ne for tidleg, men den trea strauk forbi. Juvra har forsvunne, kanskje ho blei til stein da kyrkjeklokkene ringte ut. Det er og ein spådom om Juvrestolen, som seier at når han rasar ut i Uvdalstjønnna, vil vatnet auke så mykje at ein kan binde præmen i stabbursdøra på Uvdal. Den andre spådommen er at når dei veldige steinblokkene fell ned i Uvdalstjønnna, gjeng verda under!

STADNAMN EIKJABYGDA



HUSMANNSPLASSAR PÅ UVDALSHEIA

Uvdalsheia byrjar ved dei to Uvdalstjønnane som ligg her, den ytre og den øvre. Litt ovanfor Øvre tjønn ligg garden Uvdal. Dreg ein ca. 1 km vidare, kjem ein til dei to Tveiten-gardane, Nedre og Øvre. Der var under desse gardane dei fleste husmannsplassane på Uvdalsheia ligg.

I område rundt ved Jomfrunatten lag dei tre Løyning-plassane, to av desse høyrde til Sanda i Øvre Bø, den tredje, fyrst av til Tveitan, men er nå sjøleigande bruk. Garden Jonneberg ligg opp mot toppen av heidraget, 367 m.o.h., om lag midt mellom Sko i Øvre Bø og Uvdal. I område rundt denne garden lag det fleire husmannsplassar. Fire plassar høyrde til Jonneberg og to til Gravjord i Øvre Bø. Jonneberg, Gravjord, Sanda og plassane under desse høyrer ikkje til Eikjabygda, men me finn det naturleg å ta dei med når me omtalar husmannsplassar på Uvdalsheia.

Det var frå tidleg på 1800-talet og fram til midt på 1900-talet at det budde folk på desse plassane, altså i om lag 150 år. Ungane frå alle desse plassane gjekk til skulen ved Tveiten. Dette var skulen i "Øpdalsheiens Skolekreds". Grunnen til at ungene frå plassane som ikkje høyrde til Eikjabygda, gjekk til Tveiten skule, hadde kanskje noko med at skulevegen var litt "enklare" hit ned, enn over til Øvre Bø. Men dei fleste ungene hadde lange og klundresame vegar å fara, så "enkle" vegar kan ein vel aldri snakke om at det var her på Uvdalsheia.

Husmannsplassane som er avmerkte på kartet her viser kor lang vegen var til skulen, og vegen var enda lenger for å koma til butikken, kyrkja og andre ting som lag nede i Bø. Frå Uvdalstjønnane her og oppover på "Heia" lag det altså 32 husmannsplassar det har budd folk på i si tid. Her er ein oversikt over plassane og gardane dei høyrde til under.

- Uvdal (15): Grånåstul, Veungen, Steinsrud, Soll, Høstedalane, Fagerli, Øyene, Holmstul, Solberg, Væsdal, Langedal, Øya og Kleiva.
- Øredalen og Sommarliggrav var også opphavslege husmannsplassar under Uvdal, men vart på 1930-40 talet seld til folk som budde der, og er nå sjøleigande bruk.
- Tveiten-Nedre (3): Ramsås vestre, Slulen og Steinurshol.
- Tveiten-Øvre (2): Ramsås austre og Tveitkåsa, også kalla Kåsa og Burass-Kåsa.
- Sanda i Øvre Bø (2): Midt-Løyningen og Lang-Løyningen. Su-Løyningen høyrde fyrst av til Tveitan i Øvre Bø, men er nå sjøleigande bruk.
- Jonneberg (4): Stegalia, Øremyr, Øygarden og Kåsa også kalla "Kølen".
- Gravjord i Øvre Bø (2): Dokka og Nedre Dokka.
- Eikja Vestigard (1): Øvre Bakkjer.
- Eikja Østigard(2): Bakkjer og Dammen.

Kjelde: Booga



Kåsa (Kølen). Foto: Samuel Aaskev d.e.



Stegalia. Foto: Samuel Aaskev d.e.



Ingeborg O. Langedal (1875-1950) framfor stuga i Langedal. Foto: Bø Museum

SJÅ ANDRE SIDA FOR MEIR INFORMASJON

www.eikjabygda.no

Mange takk færr pengeavgavne

